

Postmottaket

Fra: LØSET Odd [odd.loseth@frana.kommune.no]
Sendt: 1. desember 2003 14:09
Til: Postmottaket
Emne: Saksnr. 2003 02997



K2CB.doc

<<_K2CB_.doc>>

Merknader til høyring på forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Fræna kommune
Landbrukskontoret
6440 Elnesvågen

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003 102997	Doknr.: 18
Mottatt: 01 DES 2003	ASR/165
Saksbeh.: TIN	Ark.: 486
Kopi:	Avskr.:



FRÆNA KOMMUNE

Rådmannskontoret

Landbrukskontoret

Det Kongelige Landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Vår ref
LOSODD 03/02292

Arkiv
V21 &13

Dykkar ref

Dato
25.11.2003

HØYRING PÅ UTKAST TIL FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET OG FORSKRIFT OM NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET

Kommentar til ”Forskrift om tilskudd til miljøtiltak i landbruket”:

”§ 4 Tilskudd til planleggings- og tilretteleggingsprosjekter” første ledd viser til § 5 for å definere planer til kva for konkrete tiltak det kan løyvast midlar til. Ifølge § 5 første ledd kan det løyvast tilskot til tiltak som tek vare på miljøverdiane i landskapet og som bidreg til å hindre eller redusere forurensing frå landbruket.

Ein finn dette lite konkret. Kva er definert som miljøverdiar? Ut frå dette finn ein lite verdi i § 4.

I § 11 står det at Statens landbruksforvaltning kan gi utfyllande bestemmelser til forskrifta. Det ser ein som heilt naudsynt sidan forskriftsteksten er så lite konkret. Før kommunane sjølve har utarbeidd planer vil dei gamle forskriftene måtte fungere som støtte. Dei gamle forskriftene ga også kommunane handlingsrom. Kva for tiltak som blei støtta varierte mellom kommunane ut frå aktivitet og naturressursar.

Kommentar til ”Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket”:

Kapittel 2. Tilskot til skogkultur

§ 2-1 Generelt

”For å stimulere til oppbygging av kvalitetsskog kan det gis tilskudd til skogkultur og andre kvalitetsfremmande tiltak”.

Kva tiltak ein må sette verk for å få kvalitetsskog vil variere over landet. På vestlandet og i nord-norge vil ein stå overfor andre problemstillingar enn i skogstrøka. Får vi til kvalitetsskog på vestlandet?

Det blir i alle fall ikkje enklare når ein ikkje får gi tilskot til skogplanting (§ 2-1 siste ledd). Skogplanting er det tiltaket innan skogkultur som er mest kostnadskrevjande. Ved avverking av naturskogen på vestlandet gir den liten netto og skogavgift for å byggje opp ny skog. Avverking av kulturskog gir heilt andre føresetnader. Dei naturgitte forhold gjer det ikkje mogleg å byggje opp kvalitetsskog utan å plante etter hogst av naturskog.

Det er lagt opp til auka fridom ved bruk av tilskotsmidlane. Ein har derfor liten forståing for at kommunane blir pålagt slike restriksjonar. Ved å ta vekk tilskot til skogplanting vil ein kunne få dårlegare utnytting av skogarealet enn i dag, samt få dårlegare kvalitet på den skogen ein produserar. Å plante skog er ikkje det same som å auke det produktive skogarealet, men ein må stimulere til høg produksjon på dei eksisterande skogareala.

Kapittel 5. Tilskot til andre tiltak i skogbruket

§ 5-1 Generelt

Siste ledd: ”Det er ikke anledning til å gi tilskudd til taubanedrift”

Mykje av skogarealet i Møre og Romsdal er bratt terreng. Her står det ofte tømmer med spesiell kvalitet med tanke på alder og dimensjon. Utan tilskot vil det vere mindre aktuelt å ta ut dette tømmeret.

I gjeldande tilskotsordning er det høve til å sette vilkår for drift med taubane. Det gjeld bl.a. sikring av miljøverdiar, omsyn til landskapsbilete osv. Om tilskotet blir tatt bort vil det vere meir aktuelt å bygge driftsvegar som kan gi erosjon og sår i terrenget.

Dette er uheldig.

§ 5-2 Skogsdrift med hest

”Det kan gis tilskudd til drift av tømmer med hest”

Ein er ikkje kjent med tal hestar som er nytta i skogen, men skogsdrift med hest har svært lite omfang. Det blir neppe meir aktuelt i eit moderne skogbruk. Ein finn det underleg at drift med hest kan støttast, men ikkje til drift i bratt terreng. Det er òg ein skånsam driftsmetode.

Avgrensing av tilskot til vegføremål

I høyringsskrivet står det at i tildelingsskrivet vil det bli lagt ei avgrensing slik at tilskot til vegføremål ikkje kan utgjere meir enn maksimalt 50 % av tildelt beløp til skogtiltak i den einskilte kommune.

I Møre og Romsdal er det framleis dårleg vegdekning. Kulturskogen i fylket nærmar seg haustingsfasen, og til dette arbeidet er det naudsynt med eit betre vegnett.

Tilskotsordninga har fungert som eit godt verkemiddel for å stimulere til bygging av skogsvegar.

Vegbygging er kostnadskrevjande og vil einskilte år utgjere ein stor del av tilskotspotten til skogtiltak, medan det andre år vil utgjere lite.

Om dette vert avgrensa kommunevis vil det føre til sterkt reduserte tilskot til vegføremål. Ein vil be om dette blir stroke i tildelingsskrivet. Det verkar lite fagleg underbygd og meir tilfeldig sidan det berre skal stå i tildelingsskrivet.

Til slutt ein generell kommentar. Grunngevinga for at skogverkemidla skal overførast til kommunane er å styrke det lokale sjølvstyret, vitalisere lokaldemokratiet, betre målretting og effektivisering av verkemiddelbruken m.m.. Det er derfor vanskeleg å forstå at det i forskriftsteksten er så vidt mange tiltak det ikkje vert løyve til å gi tilskot. Aktivitet, topografi og problemstillingar varierar over landet og kvifor skal da ikkje kommunen sjølv få avgjere kva tiltak som bør stimulerast.

Med helsing

Arne Sverre Dahl
rådmann

Odd Løset
skogbrukssjef

Vedlegg:

Kopi til: